



Eit vanleg motiv var familien stilt opp på garden. Dette er frå Skjold i Rogaland.

Det er ei spennande fotoutstilling som blir opna neste sundag i Lemstova på Bygdetunet Rød - av foto tekne av uskedelingen Chris Pedersen Myklebust (1869-1936). Han starta studio i småbyen Eagle Grove i Iowa og var truleg heime att fire gonger for å fotografera.

Førebels er det bortimot 20 bidragsytarar til utstillingen og det blir også fleire bilete frå Uskedalen.

Ein vil til dømes finna eit landskapsbilete som spenn frå Nedre Fet til Beinavikjo, eit bilete teke frå Flatholm i 1914 og eit frå Beinavikjo teke i same år.

Frå Myklebust er det eit bilete teke allereie i 1889 av Torgeir Sørensen med familien samla med tunet bak. Det er også eit bilete av Uskedalen teke frå Skorpo.

Herøysund vert også representert med eit landskapsbilete – av Bringedalsbygda teke frå Herøya i 1912 og det er også eit bilete frå Guddal.

Rosendal er naturleg nok representert med fleire bilete, mellom anna av gartnarbustaden og hagen på Baroniet og frå Løfallstrand er det eit bilete frå Pileneset. Ein serie på 9 bilete frå Omvikdalen er også spennande.

Fjellgarden Bjørnebøle er med og representerer ein interessant historisk dokumentasjon.

Ein av utstillarane kjem med 15 stereofotografi og sjåapparat.

Av Ola Matti Mathisen



Det har kome inn eit imponerende utval av bilete